



Sakspapir

Sakshandsamar:	<i>Ketil Tjore</i>		
Arkivsaknr.:	23/894	Klassering:	FE-033

Val av kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2023-2027

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som politisk kontaktperson i Nordhordland vassområdeutval for perioden 2023-2027, med varaordførar som vara.

Kommunedirektøren har peika ut Asbjørn Nagell Toft som administrativ kontaktperson til Nordhordland vassområdeutval, med Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen som vara.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune har det koordinerande ansvaret for å utarbeida plandokumenta for Vestland vassregion. Kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar har verkemiddel til å betra miljøtilstanden, og pliktar å bidra i arbeidet. Vassregionutval og vassområdeutval er oppretta for å få til ei heilskapleg og samordna vassforvaltning.

Vestland vassregion er delt inn i vassområda Nordfjord, Sunnfjord, Ytre Sogn, Indre Sogn, Nordhordland, Voss- Osterfjorden, Hardanger, Vest og Sunnhordland. I kvart vassområde er det etablert eit vassområdeutval, leia av ein kommune i vassområdet. Kvar kommune har vore representert i vassområdeutvalet med ein politisk kontaktperson og ein administrativ kontaktperson. Den administrative kontaktpersonen koordinerer arbeidet med vassforvaltning i sin kommune, innan til dømes avløp, landbruk, plan med meir.

For Vestland vassregion er det etablert eit eige vassregionutval, leia av fylkeskommunen. I vassregionutvalet deltek statlege sektorstyresmakter, fylkeskommunar og kommunar. Kommunane har sidan 2019 vore representerte i vassregionutvalet med leiarane av vassområdeutvala (politiske kontaktpersonar), slik at ni kommunar i Vestland i dag representerer alle kommunane i vassregionutvalet. Denne organiseringa av representasjon i vassregionutvalet skal vurderast i samband med oppdatering av vassforvaltningsplanen, som skal vera ferdig i 2027.

Vurdering

Kommunestyret i Austrheim skal velja ein politisk kontaktperson til Nordhordland vassområdeutval, med vara. Vestland fylkeskommune rår til at det er ordførar er kommunen sin politiske representant, for å sikra god forankring. Dette er også i tråd med tidlegare praksis i Austrheim.

I tillegg skal kommunedirektøren peika ut ein administrativ kontaktperson, med vara.

Konklusjon

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som politisk kontaktperson i Nordhordland vassområdeutval for perioden 2023-2027, med varaordførar som vara.

Namn på ordførar og varaordførar blir sette inn når valet av desse er klart.

Kommunedirektøren har peika ut Asbjørn Nagell Toft som administrativ kontaktperson til Nordhordland vassområdeutval, med Bjørn Bjørge Torsvik Størkensen som vara.

Sakspartar